

MØTEBOK ODDA FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 11. november 2019 kl. 1800-1930

Stad: Joker Skarsmo

Desse møtte: Eivind Tokheim, John Helge Rasmussen, Britha Sandal, Mariann Nordstoga Berge og Ørjan Angell

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær),

Saker til styremøtet:

OFS 19/19: Meldingar

OFS 20/19: Uttale om forsterka fjellstyre

OFS 21/19: Oppsummering jakta

OFS 22/19: Oppsummering hyttesesongen

OFS 23/19: Planlegging vidare arbeid uthus Bjørnavassbu

OFS 24/19: Eventuelle innspel til nytt fjellstyre om vidare drift av hyttene

OFS 25/19: Informasjon om haustmøtet i Eidfjord

OFS 26/19: Status økonomi

OFS 27/19: Eventuelt

Eivind Tokheim/s/ John Helge Rasmussen/s/

Mariann Nordstoga Berge/s/

Britha Sandal/s/

Ørjan Angell/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad

OFS 19/19: Meldingar

Saksdokument:

- 2019.01.04-612.0-Åge Holtmoen-Innspel om reinsjakta på Ullensvang statsallmenning
- 2019.01.28-145.4.Odda fjellstyre-Søknad om midlar frå Grunneigarfondet til uthus ved Bjørnavassbu
- 2019.03.08-145.9.Odda fjellstyre-Søknad om gåve frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad
- 2019.03.08-612.3-Villreinutvalet-Invitasjon til vårmøte
- 2019.03.08-612.3-Villreinutvalet-Invitasjon til årsmøte
- 2019.03.08-612.3-Villreinutvalet-Høring av villreinkvote 2019
- 2019.03.25-612.3 Odda fjellstyre-Uttale til kvoteforslag 2019
- 2019.03.27-612.3 Mattilsynet-Brev om skrantesjuka og prøvetaking
- 2019.03.27-145.9 Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad - avslag på søknad om gåve
- 2019.04.30-145.4 Statskog - Tildeling av midlar frå Grunneigarfondet 2019
- 2019.04.03-612.3 Villreinsrådet-Invitasjon til Villreinsrådets fagdag
- 2019.04.23-612.3 Villreinutvalet-Tilråding villreinkvote Hardangervidda 2019
- 2019.05.02-612.3 Miljødirektoratet-Avgjersle av søknad om dispensasjon for tildeling av fellingsløyve på kun vaksen bukk
- 2019.05.02-612.3 Miljødirektoratet-Høring på endring av jakttid
- 2019.05.02-127 Indre Hordaland Revisjonsdistrikt-Revisors beretning rekneskap 2018
- 2019.05.03-127 Odda fjellstyre-Oversending av rekneskap, revisjonsmelding og årsmelding 2018
- 2019.05.07-035.2 Fylkesmannen i Vestland-Løyve til oppføring av uthus med toalett ved Nedsta Bjørnavatnet
- 2019.06.12-145.9 Kulturdepartementet-Avslag på søknad om spelemidlar
- 2019.06.13-434.0 Odda fjellstyre-Søknad om landingsløyve helikopter Bjørnavassbu
- 2019.06.14-035.2 Ullensvang herad-Løyve til oppføring av uthus med toalett ved Nedsta Bjørnavatet
- 2019.06.14-612.3 Landbruks- og matdepartementet-Avgjersle i klagesak - Dispensasjon frå hjorteviltforskrifta
- 2019.06.17-434.0 Tilsynsutvalet-Landingsløyve helikopter Bjørnavassbu
- 2019.06.18-612.0 Odda fjellstyre-Tilbakemelding på innspel om reinsjakta på Ullensvang statsallmenning
- 2019.07.01-123 Jakob Bleie - Omdanning til AS
- 2019.07.16-001.4 Odda kommune-Regional plan for Hardangervidda-høyringsutgåve
- 2019.09.20-120 Skatteetaten - Informasjon om digitalisering av skatte- og avgiftsbrev fra Kemner_Skatteoppkrever
- 2019.09.27-010 Fjellstyresambandet - Informasjon om utsending fra NFS til kommuner for oppdatering av medlemmer i fjellstyrene
- 2019.10.15-010 Statskog - Vedrørende kommunesammenslåing og henvendelse om forsterket fjellstyre for Ullensvang statsallmenning
- 2019.10.22-612.8 Odda fjellstyre - Fellingsrapport 2019
- 2019.10.22-145.9 Kulturdepartementet - Kvitteing på innsendt søknad om spelemidlar
- 2019.10.22-1459.9.Odda fjellstyre- Førespurnad om delutbetaling og forlenga frist for tildelt gåve frå Sparebankstiftinga hausten 2018
- 2019.10.23-145.9 Sparebankstiftinga Hardanger - Tilbakemelding på førespurnad om delutbetaling og forlenga frist for tildelt gåve frå Sparebankstiftinga hausten 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av meldingane.

Vedtak (sak OFS 19/19):

Styret tek meldingane til orientering.

OFS 20/19: Uttale om forsterka fjellstyre

Saksdokument:

- 20-19 Vedrørende kommunesammenslåing og henvendelse om forsterket fjellstyre

Saksutgreiing:

Viser til vedlagt brev frå Statskog om kommunesamanslåing og oppmoding om forsterka fjellstyre for Ullensvang statsallmenning.

Ordlyden i fjellova § 6 fyrste stykket er som fylgjer: *«Ligg retten til allmenningsbruk til bygd eller grend i ein eller fleire andre kommunar enn den allmenningen ligg i, kan Kongen ta avgjerd om skiping av forsterka fjellstyre med representantar også frå den eller dei kommunane som berre har rett til allmenningsbruk.»*

Vidare står det i fjellova § 5 andre stykket: *«Før kongen tek avgjerd etter første stykket, skal fjellstyra og kommunestyra i dei kommunane det gjeld gjevast høve til å uttale seg. I avgjerda skal det fastsetjast kor mange medlemmer frå kvar kommune det skal vere i fellesstyret, og korleis det skal ordnast med val av leiar og nestleiar.»*

Fjellova § 5 tredje stykket: «Fjellstyre etter paragrafen her kan ha fem eller sju medlemmer. Vert det valt meir enn fem, skal minst fire av medlemmene og varamedlemmene ha rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukarar.»

Det går fram av § 6 at andre og tredje stykket i § 5 gjeld tilsvarande for § 6.

Jf. fjellova § 5 andre stykket kan fjellstyret kome med uttale til Statskog.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Eivind Tokheim la fram eit utkast til uttale før møtet.

Det kom innspel om at det bør takast med at bygdene som går ut av Ullensvang kommune ved kommunesamanslåinga 1.1.2020 sjølv har valt dette, og difor ikkje kan forvente å få plass i fjellstyret. Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak OFS 20/19):

Odda fjellstyre sender inn uttale til Statskog med dei endringane som kom fram på møtet. Samrøystes vedteke.


OFS 21/19: Oppsummering jakta

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Det blei felt 90 dyr på Odda fjellstyre sine kort. Det gir ein fellingsprosent på 47,1%.

Odda fjellstyre HA 281	
Felt:	90
Kvote:	191
Fellingsprosent:	47,1 %



Det blei seld 179 kort (av ei kvote på 191). 157 av korta blei seld til innanbygdsbuande, 22 til utanbygdsbuande. Samla omsetnad var 367.500,-, fordelt på 288.800 på kort til innanbygdsbuande og 78.700,- på kort til utanbygdsbuande.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang ved Eivind Tokheim.

Vedtak (sak OFS 21/19):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.

OFS 22/19: Oppsummering hyttesesongen**Saksdokument:****Saksutgreiing:**

Samla omsetnad for utleige av hyttene i 2019 er 67.100,-. I tillegg har Odda/Ullensvang Turlag betalt 15.000,- for leige av Langavassbu i 2017 og 2018.

	Antall	Omsetnad 2019	Omsetnad 2018
Belebu	162	kr 37 200	kr 24 440
Bjørnavassbu	101	kr 29 000	kr 11 800
Langavassbu	8	kr 900	kr 1 060
SUM	271	kr 67 100	Kr 37 300

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det kom innspel om at det var dårleg reingjort i Bjørnavassbu og Belebu etter utleige i jakta. Særskild gjaldt dette Belebu. Fjellstyret ber sekretær kontakte dei som leigde sist i Belebu om dette.

Vedtak (sak OFS 22/19):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning. Sekretær kontaktar dei som leigde i Belebu sist om reingjering av hytta etter leigeopphald.

OFS 23/19: Planlegging vidare arbeid uthus Bjørnavassbu

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

John Helge Rasmussen gjekk gjennom det som er gjort så langt, og planane for resten av arbeidet. Det blei frakta inn mørtel, betongblokker mm til grunnmuren førre vinter, og grunnmuren blei sett opp i juni. Det blir lagt opp til å transportere inn resten av materialen til vinteren, og sette opp bygget enten i april eller juni. Skare Sagbruk skal gjere nokre endringar på teikningane slik at dei samsvarar med byggeløyvet. Det blir gjort ei vurdering av om noko kan prekonstruerast før transport inn i fjellet. Material blir bestilt i god tid før transport til vinteren.

Vedtak (sak OFS 23/19):

Byggeprosjektet blir gjennomført i tråd med referatet.

OFS 24/19: Eventuelle innspel til nytt fjellstyre om vidare drift av hyttene

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det var semje om at fjellstyret bør jobbe for å oppretthalde dugnadsarbeidet, som fungerer godt i dag. Fjellstyret ynskjer at det blir oppretta hyttestyre for Belebu og Bjørnavassbu. Dette kan til dømes vere to personar for kvar hytte som organiserer dugnadsarbeidet. Det var semje om at fjellstyret kjem med innspel om at dette blir dei som har vore mest sentrale i dugnadsarbeidet dei siste åra – Arvid Svåsand og Jarle Rasmussen for Bjørnavassbu, og Britha Sandal og Mariann Nordstoga Berge for Belebu.

Fjellstyret ynskjer at sekretær undersøker status for avtalane for lager av båtar i gangen på Bjørnavassbu.

Vedtak (sak OFS 24/19):

Odda fjellstyre ynskjer at det nye fjellstyret jobbar for å oppretthalde dugnadsarbeidet, som fungerer godt i dag. Fjellstyret ynskjer at det blir oppretta hyttestyre for Belebu og Bjørnavassbu. Dette kan til dømes vere to personar for kvar hytte som organiserer dugnadsarbeidet. Fjellstyret foreslår dei som har vore mest sentrale i dugnadsarbeidet dei siste åra – Arvid Svåsand og Jarle Rasmussen for Bjørnavassbu, og Britha Sandal og Mariann Nordstoga Berge for Belebu.

Samrøystes vedteke.

OFS 25/19: Informasjon om haustmøtet i Eidfjord

Saksdokument:

- 25-19 Villreinutvalet - Invitasjon til haustmøtet for Hardangervidda

Saksutgreiing:

Gjennomgang på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av sakslista for haustmøtet i Eidfjord.

Vedtak (sak OFS 25/19):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.

OFS 26/19: Status økonomi

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Odda fjellstyre har 603.000,- på konto per 23.10.2019.

Av gåva frå Sparebankstiftinga Hardanger på 130.000 til uthus Bjørnavassbu er det gjort ei delutbetaling på 31.996,- i haust. Sparebankstiftinga har gitt utvida frist til 1.10.2020 for å fullføre prosjektet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Kort gjennomgang av den økonomiske situasjonen.

Vedtak (sak OFS 26/19):

Fjellstyret tek orienteringa til etterretning.

OFS 27/19: Eventuelt

Det kom ikkje opp saker under eventuelt.

Saker til neste møte i Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

Sakene til møtet i Fellesstyret blei gått gjennom.